



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Høring av ECON-rapport 2004-089

Vi syner til brev av 16. desember 2004 der de ber om uttale til rapporten frå ECON.

Vi er svært positive til at Landbruks- og matdepartementet har tatt initiativ til å få utarbeida ei oversikt over kva innverknad lovgivinga har på næringsutvikling og innovasjon i landbruket og på bygdene.

I det følgjande vil vi kommentera enkelte sentrale punkt i rapporten og spesielt peika på dei svakare sidene.

Generelt

Vi meiner at rapporten har ein lettvinnt omgang med namn og nemningar som jordbruk, landbruk, utmark osv. Det er difor grunna uklare og uvante definisjonar ikkje alltid heilt klart kva som meinast. Omtalen av landbrukspolitikken er også enkel og til dels slagordprega. Men elles har rapporten ein grei omtale av omlegginga av landbrukspolitikken til det den kallar ei vektforskyving over til ein heilskapleg bygdepolitikk.

Rapporten tek elles fleire stader opp utfordringane med eit nødvendig regelverk for å styra landbruksproduksjonen og ha eit sterkt jordvern samstundes med ønsket om større innovasjon og auka verdiskaping i heile landet.

Kap. 3 Reglar for utmark

Dette er eit svakt kapittel i rapporten. Fordi det konsentrerer seg om ein mindre del av utmarka i landet, og fordi det ikkje har omtale av viktig regelverk som regulerer desse areala, blir omtalen her ufullstendig.

Allmenningane, som rapporten har hekta seg opp i, utgjer ein liten del av utmarka i Noreg, ca. 9 %, og ein endå mindre del av det produktive arealet. Dei fleste særlovane i landbruket er også med og regulerer utmarksareala. Mange av dei same problemstillingane som er tatt opp i kap. 4 under dei såkalla landbrukseigedommar, vil også gjelda det alt vesentlege av utmarka i landet.

Skogareala er stemoderleg behandla i rapporten. Skogbrukslova er omtala, men restriksjonar i form av meldeplikt, miljørestriksjonar og vegbygging er ikkje nemnt som problematiske, sjølv om desse kan vera sterkt hemmande for næringsverksemd på

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
		51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
Postboks 59	Lagårdsv. 78	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 59	Telefaks:
4001 Stavanger	Stavanger	51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568811

store areal og for store verdier. All den tid det på dette feltet også har vore ei rekkje store og vanskelege saker dei siste ti til femten åra, stiller vi oss undrande til at rapporten er taus på dette området. Vi stiller også spørsmål ved at St meld nr. 17 (1998-99), Skogmeldinga, ikkje er nemnt i det heile! 25% av landarealet og grunnlaget for ei verdiskaping på 30 milliardar kroner per år er med andre ord nærast ikkje nemnt.

Elles er det korrekt som rapporten viser at plan- og bygningslova ofte er største hinderet innan lovverket for næringsutvikling i skog og utmark. Dette skuldast bl.a. ein snever definisjon i lova av kva som kan reknast som stadbunden næring. Rapporten føreslår å utvida omgrepet "stadbunden næring" til også å gjelda reiseliv. Vi vil likevel også peika på at hindringane i nokon grad skuldast manglande kompetanse og kreativitet i bruk av plan- og bygningslova i utmark. Vidare har styresmaktene høve til å bruka skjønn i mange saker, både etter plan- og bygningslova og ei rekkje andre lover. Dette ville truleg i fleire tilfelle kunna føra til positive løysingar for alle partar.

Kap. 4 Reglar om landbrukseigedommar

Sjølv om også dette kapittelet inneheld ei del forenklingar, er det her gitt ein rimeleg grundig gjennomgang av regelverket som gjeld dyrka mark. Det er peika på mange lovreglar som hindrar innovasjon, men samstundes viser rapporten at dei fleste av desse lovreglane er nødvendige for gjennomføring av landbrukspolitikken. Mange av dei utfordringane dette kapittelet tek opp, gjeld langt meir enn berre dyrka mark slik rapporten gir inntrykk av.

Lengst går rapporten i forslaget om å oppheva delingsforbodet i jordlova § 12. Sjølv om det her er lagt fram ein del gode argument, meiner vi rapporten har oversett eller late vera å ta stilling til ein del sannsynlege følgjer av ei slik oppheving.

Det er også forslag om oppheving av priskontrollen ved omsetjing av landbrukseigedommar. Bakgrunnen er at denne kontrollen i følgje rapporten ikkje medverkar til gjennomføring av gjeldande landbrukspolitikk.

Fordi hovudproblemet i mange område er at det ikkje bur folk i bustadhusa på gardsbruka, føreslår rapporten ei strengare handheving av buplikta. I område der det ikkje er etterspørsel etter gardshus som bustad, meiner rapporten at buplikta bør opphevast.

Endeleg meiner rapporten at odelslova og personleg buplikt bør opphevast. Heller ikkje desse lovreglane meiner ein er føremålstenlege ut frå overordna mål i landbrukspolitikken.

Det er vanskelege avvegingar rapporten omtalar i dette kapittelet. Vi meiner fleire av påstandane ikkje er tilstrekkeleg dokumenterte, og at det difor ikkje er grunnlag i rapporten åleine for å gjennomføra alle forslaga til endringar i dette kapittelet. Fleire av spørsmåla som er tatt opp her, er interessante og bør undersøkjast nærare.

Kap. 5 Regulering knyta til produksjon og omsetning

Produksjonsregulerande tiltak avgrensar handlefridommen for bøndene. Dette vil i praksis redusera effektiviteten i samla produksjon. Men som også rapporten peikar på,

er det stor semje om at desse produksjonsreguleringane oppfyller ei viktig landbrukspolitisk målsetting, nemleg spreiding av produksjonen på mindre einingar over heile landet.

Reglane i lov om svine- og fjørfeproduksjon og forskrift om kvoteordning for mjølk er i prinsippet begge ei hindring for nyskaping og effektivisering. Det er likevel viktig å peika på at det siste åtte til ti åra har skjedd ei klar liberalisering av desse lovene og forskriftene. Dette har mellom anna ført til ein monaleg overproduksjon av både svinekjøt og egg. Ein meir lokaltilpassa bruk av desse ordningane kan i noko mon bøta på desse ulempene.

Rapporten er vidare kritisk til ei rekkje detaljerte føresegner i matlova. Det er Mattilsynet som er forvaltningsorgan for matlova, og Fylkesmannen har difor ikkje direkte ansvar for denne lova. Men vi er kjent med at mange småprodusentar opplever føresegner i matlova som ei hindring for etablering av foredlingsanlegg og serveringsstader. Ein gjer også merksam på at mange av fråsegnene i denne lova i praksis er ei implementering av EØS-reglar i norsk lovverk.

Kap. 6 Andre lover og hindringar for nyskaping

Mandatet for utarbeiding av føreliggjande rapport gjeld lovar og reglar under Landbruks- og matdepartementet. I arbeidet med rapporten kom det fram at fleire lover og reglar som høyrer inn under andre departement også er til hinder for innovasjon og næringsutvikling i landbruksområde.

Plan- og bygningslova blir oftast nemnt som eit hinder. Dette gjeld både utnytting av utmarksressursar og ved behov for ulike driftsbygg, overnattingsbygg og produksjonslokale for småskala foredling. Vi har også i vårt fylke mange eksempel på at lokale initiativ innafor desse områda strandar eller blir vanskeleggjort på grunn av lovverket.

Restriksjonar knytt til ferdsel i utmark er også vist som eksempel på hinder for næringsutvikling. Her er det motorferdselslova si snevre tolking av næringsutøving som lagar vanskar.

Konklusjonar

Særlovene i landbruket kan i visse tilfelle verka hemmande på nyskapinga i landbruket. Mange av lovreglane er likevel nødvendige for å ta vare på sentrale landbrukspolitiske mål. For i større grad å ta vare på og utvikla nyskapingsevnene i landbruket bør lovverket på ein betre måte tilpassast lokale tilhøve. Særleg er det behov for ei betre tilpassing av lovverket til utkantområda der fråflytting og forgubbing er ei stor utfordring.

For å oppnå måla i landbrukspolitikken om ei halvering av den årlege omdisponeringa av dyrka og dyrkbar jord innan 2010, bør derimot lovverket truleg skjerpast i høve til dagens praksis på dei beste landbruksareala i pressområda.

Rapporten "Regelverk og innovasjon i landbruket" er svært ujamn i kvalitet, frå det grundige og godt dokumenterte til det middelmåtige. Den er klart svakast på reglane om skog og utmark. Rapporten er samla sett såpass ufullstendig og overflatisk på ei

rekke område at det berre kan leggjast avgrensa vekt på fleire av konklusjonane den kjem med. Men den tek opp ei rekke viktige og vanskelege avvegingar i norsk landbruks- og bygdepolitikk som bør utgreiast vidare.

Med helsing

Jon Ola Syrstad
landbruksdirektør

Lars Slåttå
fylkesskogsjef

Saksbehandlar: Lars Slåttå
Saksbehandlars telefon: 51 56 89 70
E-post: lars.slatta@fmro.no